

Norges vassdrags-og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

09.06.2022

Dykkar ref.: Brit Torill Haugen

Søknad om utsett byggefrist for Kråkeelvi kraftverk

Vi syner til søknad om utsett byggefrist av 02.02.2021 og NVE sin tilbakemelding i e-post av 26.08.2021 der ein vart bedt om å søke på nytt sidan ein har gyldig konsesjon fram til 20.10.2022.

Sognekraft AS fekk, etter klagehandsaming, konsesjon for bygging av Kråkeelvi kraftverk 20. oktober 2017.

Etter vilkår nr. 2 i vassdragskonsesjonen må Sognekraft starte å bygge kraftverket før det har gått 5 år frå konsesjonen vart gitt. På grunn av ei relativt stor utbyggingsportefølje og litt for svak lønsemd har det vore uråd å få gjort eit investeringsvedtak. I tillegg har pandemi og krigen i Ukraina medført forsterka kostnadspress i entreprenørmarknaden.

Nettkapasiteten inn til Høyanger er forsterka og ein har bidrege med anleggsbidrag gjennom Høyangertunnelen med sikte på realisering av prosjektet.

Sognekraft søker om forlenging av byggefristen med 5 år, til 20. oktober 2027.

Med helsing
Sognekraft AS


Jacob Hornnes
Produksjonssjef